


9

Petroleumsressursane



Borekrone



Figur 9.1 Petroleumressursar og uvisse i estimata per 31.12.2004

Oljedirektoratet reknar med at dei totale oppdaga og uoppdaga petroleumressursane på norsk kontinentalsokkel utgjer til saman 12,9 milliardar Sm³ olje-ekvivalentar (o.e.). Av dette er det produsert i alt 4,0 milliardar Sm³ o.e., som svarar til 31 prosent av dei totale ressursane. Dei totale utvinnbare ressursane som er att, utgjer 8,8 milliardar Sm³ o.e., av dette er 5,2 milliardar Sm³ o.e. påviste ressursar, og estimatet for dei uoppdaga ressursane utgjer 3,4 milliardar Sm³ o.e. I tillegg reknar ein med at ressursar frå moglege framtidige tiltak for å auka utvinninga utgjer til saman 0,225 milliardar Sm³ o.e.

Ressurstilveksten frå leiteverksemda i 2004 er låg. Det vart gjort fire nye funn med samla ressursar på 17–22 mill. Sm³ utvinnbar olje. Nokre av funna er ikkje ferdig evaluerte, og estimata er difor enno svært usikre.

Sidan produksjonen av petroleum tok til på norsk kontinentalsokkel i 1971, er det produsert i alt 4,0 milliardar Sm³ o.e. frå 61 felt. I 2004 starta produksjonen på felta Kvitebjørn og Skirne. Av dei felta som var i produksjon ved årsskiftet 2004/2005, ligg 42 i Nordsjøen og 6 i Norskehavet. Felta Kristin, Alvheim, Ormen Lange, Snøhvit og Urd har godkjende planar for utbygging og drift (PUD), men produksjonen er ikkje i gang enno. PUD for tre nye felt, Alvheim, Ormen Lange og Urd, vart godkjende i 2004.

Figur 9.1 viser det totale utvinnbare potensialet på norsk kontinentalsokkel. Mengdene er klassifiserte etter Oljedirektoratets ressursklassifiseringssystem og syner totale ressursar, væske og gass.

Ressursar

Ressursar er eit samleomgrep for teknisk utvinnbare mengder av petroleum. Ressursane blir klassifiserte etter kor langt prosjektet må vera kome, for at ein

skal kunna vinna ut ressursane. Hovudklassane er reservar, vilkårsressursar og uoppdaga ressursar.

Den detaljerte ressursrekneskapen per 31.12.2004 er framstilt i tabell 9.1 og i tabellar i vedlegg.

Reservar

Reservar omfattar det som er att av utvinnbare, salbare petroleumressursar i petroleumsførekomstar som rettshavarane har vedteke å byggja ut, og som styresmaktene har godkjent PUD eller gjeve PUD-fritak for. Reservar omfattar òg petroleumressursar i førekomstar som rettshavarane har vedteke å vinna ut, men der styresmaktene ikkje har behandla planen i form av ei PUD-godkjenning eller eit PUD-fritak. Reservane er rekna til 3,9 milliardar Sm³ o.e., og er siste året reduserte med 4 prosent, frå 4,1 til 3,9 milliardar Sm³ o.e. Utbyggingsplanar for Alvheim, Urd, Vilje og Skinfaks og endra PUD for Rimfaks tilførte reservebeholdninga 54 mill. Sm³ o.e. I tillegg vart det vedteke fleire prosjekt som skulle auka utvinninga på eksisterande felt med til saman 66 mill. Sm³ o.e. Samtidig vart det produsert 265 mill. Sm³ o.e. Netto reduksjonen av reservar var dermed 144 mill. Sm³ o.e. i 2004.

Vilkårsressursar

Vilkårsressursar vil seia oppdaga petroleumsmengder som ein enno ikkje har vedteke å byggja ut. Vilkårsressursar i felt auka i 2004 med 38 mill. Sm³ o.e. Vilkårsressursar i planleggingsfasen står for ca. 80 prosent av denne auken, som skriv seg frå prosjekt for å auka utvinninga på fleire felt, først og fremst på Ekofisk, Gullfaks, Åsgard og Gungne.

Estimatet for vilkårsressursar i funn er justert ned med 17 mill. Sm³ o.e., til 746 mill. Sm³ o.e. Reduksjonen kjem av at det i år er gjort berre fire nye funn på norsk kontinentalsokkel, at ressursar er

overførte til lågare ressurskategoriar, og at ressurspotensialet i funna 6405/7-1 og 6406/1-2 er justert ned.

Potensialet for ressursar frå moglege framtidige tiltak for å auka utvinninga er i år redusert med 175 mill. Sm³ olje. Estimaten for olje er i år sett til 125 mill. Sm³, medan estimaten for gass er på 100 mrd. Sm³ og uendra frå i fjor. Moglege tiltak for å auka utvinninga blir rekna ut med basis i målsetjinga til styresmaktene om å oppnå ein gjennomsnittleg utvinningsgrad for olje frå oljefelt på 50 prosent og for gass frå gassfelt på 75 prosent. Reduksjonen i potensialet for olje siste året kjem av at fleire prosjekt for å auka utvinninga har vorte konkretiserte i år, og er difor rapporterte i lågare ressurskategoriar.

Uoppdaga ressursar

Uoppdaga ressursar er petroleumsmengder som ein reknar med finst i definerte leitemodellar, stadfeste og ikkje stadfeste, men som enno ikkje er påviste ved boring (ressurskategoriane 8 og 9). Estimaten over dei totale uoppdaga ressursane er på 3,4 milliardar Sm³ o.e. og er uendra frå estimaten i fjor.

Nordsjøen

I Nordsjøen er det oppdaga totalt 7,1 milliardar Sm³ o. e., og av dette er det produsert 3,6 milliardar Sm³ o.e. Reservane som er att, utgjer 2,7 milliardar Sm³ o.e., der 38 prosent er olje. Produksjonen frå Nordsjøen siste året var på 211 mill. Sm³ o.e., men på grunn av auka reservar på felt som er i produksjon, og nye reservar som skriv seg frå innleverte utbyggingssplanar, er ikkje reservane som er att i Nordsjøen, reduserte med meir enn 110 mill. Sm³ o.e. frå året før.

Det er ingen store endringar i estimata for vilkårsressursar og uoppdaga ressursar i Nordsjøen. Ein reknar med at uoppdaga ressursar utgjer om lag 1,2 milliardar Sm³ o.e.

Norskehavet

I Norskehavet er det oppdaga i alt 2,0 milliardar Sm³ o.e., og av dette er 0,4 milliardar Sm³ o.e. produsert. Reservane som er att, utgjer om lag 1,1 milliardar Sm³ o.e., og 64 prosent av dette er gass. Produksjonen i 2004 var 55 mill. Sm³ o.e. Dette førte til ein reduksjon i reservar som er att, på 33 mill. Sm³ o.e., samanlikna med rekneskapen frå i fjor, trass i auka reservar i nokre av felt i produksjon og tilførsel av nye reservar frå Urd, som har fått godkjent planen for utbygging og drift. Det er ingen store endringar i estimata for vilkårsressursar og uoppdaga ressursar i Norskehavet.

Barentshavet

I Barentshavet er det oppdaga 0,2 milliardar Sm³ o.e. Produksjonen frå Barentshavet tek til i 2006 frå Snøhvitfeltet. Det er lite endring i estimata for vilkårsressursar i felt og funn i Barentshavet siste året.

Tabell 9.1 Ressursrekneskap per 31.12.2004

Totalt utvinnbart potensial	Status per 31.12.2004					Endring frå 2003				
	Olje	Gass	NGL	Kondensat	Totalt	Olje	Gass	NGL	Kondensat	Totalt
Prosjektstatuskategori	mill. Sm ³	mrd. Sm ³	mill. tonn	mill. Sm ³	mill. Sm ³ o.e.	mill. Sm ³	mrd. Sm ³	mill. tonn	mill. Sm ³	mill. Sm ³ o.e.
Produsert	2870	948	81	72	4044	162	78	13	1	265
Attverande reservar*	1225	2386	123	86	3930	-10	-75	-2	-56	-144
Vilkårsressursar i felt	278	190	31	13	539	10	23	1	3	38
Vilkårsressursar i funn	179	483	21	44	746	-50	23	-1	12	-17
Moglege framtidige tiltak for auka utvinning**	125	100			225	-175	0	0	0	-175
Uoppdaga	1160	1900		340	3400	0	0	0	0	0
Sum	5837	6007	255	556	12885	-63	48	12	-41	-33
Nordsjøen										
Produsert	2546	902	73	60	3647	132	64	9	-3	211
Attverande reservar*	1014	1579	65	6	2723	-27	-65	0	-18	-110
Vilkårsressursar i felt	220	137	24	7	409	5	11	1	0	18
Vilkårsressursar i funn	103	168	8	26	312	-17	14	3	6	9
Uoppdaga	615	500		75	1190	0	0	0	0	0
Sum	4498	3286	170	173	8281	92	24	13	-14	128
Norskehavet										
Produsert	324	46	8	12	398	31	14	4	3	55
Attverande reservar*	210	646	52	62	1019	16	-9	-2	-38	-33
Vilkårsressursar i felt	51	49	7	6	119	8	12	0	2	23
Vilkårsressursar i funn	66	308	13	18	417	-32	9	-4	5	-25
Uoppdaga	235	810		175	1220	0	0	0	0	0
Sum	886	1860	80	274	3172	24	26	-2	-27	19
Barentshavet										
Produsert	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Attverande reserver*	0	160	5	18	188	0	-1	0	0	-1
Vilkårsressursar i felt	7	4	0	1	12	-3	0	0	0	-3
Vilkårsressursar i funn	10	7	0	0	17	-1	0	0	0	-1
Uoppdaga	310	590		90	990	0	0	0	0	0
Sum	327	761	5	109	1207	-4	-1	0	0	-5

* Inkluderer ressurskategoriane 1, 2 og 3.

** Ressursar frå framtidige tiltak for auka utvinning er berre rekna ut for totalt utvinnbart potensial, og ein har ikkje fordelt det moglege potensialet for kvart område.